

Cris Thompson

3. mai 2002 · Haavebua



030502_ChrisThompsonRef

2002

3. MAI

HAAVEBUA

Frå arkivet

Chris Thompson, Haavebua, 3. mai 2002

Himmelsk gitar og vokal

FLORØ: Manfred Mann's Earth Band klassikarane "Davy's On The Road Again", "Blinded By The Light", "Mighty Quinn", og Bob Marley sin "Redemption Song" var alle på plass til elle vill jubel frå publikum. Men det skal seiast at Thompson sine nye låtar som han opna konserten med, så absolutt kunne stått på eigne bein.

Gitarfenomen Mats Eriksen er rekna for å vere ein av dei raskaste gitaristane i verda. Bergensaren med fleecejakke, joggesko caps og kort gitarreim, minner lite om Steve Vai, Yngvie Malmsteen, Joe Satriani og dei andre i gitargud-kategorien. At han er stor, viste han då han laga bakoversveis på luftgitaristane i lokalet med å trakterte gripebrettet med fingrane som styrtregn som treff eit blekktaf.

Moro for oss Han let det vere med den sekvensen, og det var nok for å stadfeste verdsnivå. Moro for oss her på berget er at Florø-gitaristen Jørn-Lasse Førde Refsnes tidlegare har vikariert for gitarfenomenet frå Bergen. Sjølv om Chris Thompson flyt på fortida med Manfred Mann's Earth Band, var han absolutt vital ved sidan av Mats Eriksen og band som gjorde denne fredagskvelden i Florø minneverdig.

Kvalitetsmål Parameteret for kva som er bra musikk står å lese i kroppsspråket til dei røynde rockarane i Rockeklubben. Frå eit utval på 20-30 prosent av styret i rockeklubben dei siste 10 åra, gjorde vi desse funna fredag:

1) Etter første låten var foten allereie med. 2) På andre låten sto alle og digga musikken. 3) På tredje låten hadde Thompson vist nok til å overtyde om kvaliteten. 4) Kommentrar: - Faen heller, det her e' vanvittig bra. - Han e' faen meg betre enn han var med Earth Band han har dessutan faen meg betre musikkarar no enn han hadde då han spelte for 70 000. - Det her e' enormt! - Hør på det her!..fy faen, det her e' bra. Jævlig bra..det svinga' som faen.

OM CRIS THOMPSON

Allsong Allsongen til dei gamle sviskene ljoma under tjærebreidde buabjelkar, og fleire gonger vart Thompson overraska over eit publikum som kunne tekstane. Thompson viste også kvifor han er ein vokalist dei store stjernene ønskjer i studio på platene sine. Rett og slett den beste rockevokalisten underteikna har høyrte i Florø.



HEILE ARKIVET

Skann QR-koden for Rockeklubben sitt permanente nettarkiv.
rockeklubben.no/arkivet

Kjelde: Florø Rockeklubb sitt originale nettarkiv. Kjelde-ID: 53.